

*Statsråden*

Til Fylkesordførarane

Dykkar referanse

Vår referanse  
200600531-/NOG

Dato  
16.06.2006

**Ekstra midlar til breiband i RNB 2006**

Stortinget har i dag vedteke forslaget frå Fornyings- og administrasjonsdepartementet om å auke løyvinga til breibandtiltak i revidert nasjonalbudsjett (RNB) for 2006 med 50 millionar kroner. Formålet med ekstraløyvinga er å bidra til å nå målsetjinga frå Soria Moria erklæringa om at alle skal ha tilbod om oppkopling til breibandsnett innan utgangen av 2007.

Hensikten med dette brevet er å informere om moglegheita til å søkje midlar og prosessen rundt dette, men eg vil òg oppmode fylkeskommunane til å ta ei aktiv rolle i den vidare breibandsutbygginga.

Undersøkingar viser at innan utgangen av året vil nærmare 95% av landet sine husstandar ha moglegheit for oppkopling til breiband. Men 95 % er ikkje nok. I det nye informasjons-samfunnet er moglegheit for breibandsoppkopling sentralt og Regjeringas vurdering er at denne moglegheita skal alle ha. Derfor har Regjeringa i Soria Moria erklæringa sett som mål at innan utgangen av 2007 skal dekninga vere 100%. Dette er eit ambisiøst mål og dagens vedtak er eitt steg på vegen.

Midlane skal fordelast gjennom Høykom-ordninga som blir administrert av Norges Forskningsråd. Kommunar og fylkeskommunar i sone A, B og C i det distriktpolitiske virkeområdet kan søkje stønad. Midlane vil om kort tid bli kunngjort på Forskningsrådet sine websider med søknadsfrist 31. august. Dette er ein kort frist, og for å sikre at midlane blir utnytta effektivt og koordinert vil Høykomprogrammet invitere fylkeskommunane til å delta i arbeidet med å få fram gode prosjekt og søknader. Høykomsekretariatet vil arrangere arbeidsmøte i alle fylkeskommunar som er omfatta av ordninga. På møta vil representantar for fylkeskommunane og andre aktørar bli inviterte til å kome med forslag til prosjekt og eventuelle spørsmål vil kunne avklarast. Mitt ønske er at fylkeskommunane vil bruke dette høvet til å ta ei aktiv rolle i den vidare utbygginga av breiband. Fleire fylkeskommunar har allerede gjort dette med stort hell og ambisjonen min er at enda fleire vil involvere seg.

Kriterium for løyving av midlar frå denne løyvinga er som følgjer:

- Kommunar og fylkeskommunar kan søkje tilskot til etablering av breibandsinfrastruktur for område innanfor dei distriktspolitiske verkemiddelssonene A, B og C der det ikkje finst breibandtilbod.
- Kommunar utanfor sonene kan også motta stønad dersom dei inngår i samarbeidsprosjekt med kommunar innanfor sonene eller andre spesielle høve talar for det.
- Tilskotet er avgrensa til 50 prosent av prosjektet sin totale kostnad. Søknader som kan vise til finansiering frå fleire kjelder blir prioritert ved elles like forhold.

Søknader der fleire kommunar eller fylke inngår i samarbeidsprosjekt blir prioritert under elles like forhold.

Med helsing

Heidi Grande Røys